

KOMMISJONSVEDTAK**2014/EØS/56/11**

av 22. februar 2008

**om endring av vedtak 2007/683/EF om godkjenning av planen for utrydding av klassisk svinepest
hjá viltlevande svin i visse område av Ungarn***[meldt under nummeret K(2008) 675]***(Berre den ungarske teksta er gyldig)**

(2008/159/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001
om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest⁽¹⁾,
særleg artikkel 16 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsvedtak 2007/683/EF⁽²⁾ vart vedteke som eitt
av fleire tiltak for motkjemping av klassisk svinepest.
- 2) Slovakia har gjeve Kommisjonen melding om den nyaste
utviklinga av sjukdommen hjå viltlevande svin i visse
område som har grenser mot Ungarn.
- 3) Ungarn har gjeve Kommisjonen melding om at i lys av den
epidemiologiske situasjonen bør dei tiltaka som er fastsette
i planen for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande
svin, utvidast til å omfatte visse område i regionen Pest i
Ungarn.

4) Vedtak 2007/683/EF bør difor endrast.

5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar
med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda
og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegget til vedtak 2007/683/EF vert bytt ut med teksta i
vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til Republikken Ungarn.

Utferd i Brussel, 22. februar 2008.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 51 av 26.2.2008, s. 21, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 56/2009 av 29. mai 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 47 av 3.9.2009, s. 4.

⁽¹⁾ TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2007/729/EF (TEU L 294 av 13.11.2007, s. 26).

⁽²⁾ TEU L 281 av 25.10.2007, s. 27.

*VEDLEGG**«VEDLEGG***Område der planen for utrydding av klassisk svinepest hjå villevande svin skal gjennomførast:**

Regionen Nógrád og det området i regionen Pest som ligg nord og aust for Donau, sør for grensa til Slovakia, vest for grensa til regionen Nógrád og nord for motorveg E 71.»
